

Dei aller minste plastbitane

Tenk deg at du har handa full av bitte små plastsmular. Dei er ikkje meir enn 2–3 millimeter store og det er ingenting du kan bruke dei til. Dei blir kalla mikroplast, men vi kan like godt kalle det søppel.

AV PERNILLE AMDAHL | PUBLISERT 14 MAR 2025

En hånd som holder frem mikroplast i forskjellige farger som er funnet i sanden.

Det er funne mikroplast på aude stader som i isen på Nordpolen og djupt nede på havbotnen mellom Svalbard og Grønland. Foto: Shutterstock.

Mikroplast er akkurat det same som plast, men bitane er bitte små – nokre gonger så små at du må bruke mikroskop for å sjå dei. Mikroplast er plastbitar som er mellom 0,001 og 5 millimeter store.

Vi veit at mikroplast skadar dyr og andre levande organismar. Men kor farleg mikroplasten er, veit vi eigentleg ikkje så mykje om enno. Dette prøvar forskarar i Noreg og andre land å finne ut av.

– Kan det vere sånn at dyr som har ete dei aller minste partiklane, skil dei ut av kroppen etter ei stund?

Dette lurer Marte Haave på. Ho er miljøforskar på forskingsinstituttet NORCE.

– I dag veit vi at dei aller minste plastbitane kan takast opp i tarmen og gå inn i delar av dyrekroppen, slik som levra og nyrene. Vi veit ikkje så mykje om kor alvorlege irritasjonar eller betennelsar dyra kan få av det. Men vi har sett at dei aller, aller minste plastbitane kan irritere blodcellene dersom det blir veldig store mengder av dei.

Plast overalt

Om vi menneske et dyr med mikroplast, kan også vi få trøbbel. Derfor må forskarane finne ut meir om kor mykje mikroplast som skal til for at det blir skadeleg for oss.

– Då er det også viktig å finne ut kor mykje mikroplast som finst i havet og dyra som lever der, seier forskar Bjørn Einar Grøsvik ved Havforskningsinstituttet.

Han fortel at det er funne mikroplast på aude stader som i isen på Nordpolen og djupt nede på havbotnen mellom Svalbard og Grønland. Det viser at mikroplast kan flytte seg langt, både med havstraumane og gjennom lufta.

Plaststopp?

Dei fleste er samde om at folk har brukt altfor mykje plast så langt i historia. Bør vi berre seie stopp og aldri bruke plast meir?

– Nei, seier Marte. – Plasten kan vere den smartaste løysinga på mykje, men vi må ha kontroll på kvar han blir av til slutt. Plast kan til dømes bidra til billige solcellepanel og til at bilar og fly blir lettare og krev mindre drivstoff. Slik sett kan plast vere bra for miljøet. Plast er også eit lurt materiale når legar og andre i helsevesenet treng noko som er hygienisk og lett. Delar av kroppen blir reparerte med kunstige bitar eller protesar av plast.

Kvar kjem mikroplasten i naturen frå?

- Det meste av mikroplasten kjem frå større ting som har smuldera opp, særleg frå bildekk. Etter bildekk er antakeleg klede og klesfibrar den største kjelda til mikroplast frå privatpersonar. Faktisk inneheld 60 prosent av kleda våre plast! Når vi vaskar dei, løyser mikroplast frå kleda i vaskemaskina. Deretter følgjer mikroplasten med avløpsvatnet ned i kloakken og vidare ut i havet.

- Mikroplast i naturen kjem også frå posar, tau, flasker og mykje anna.
- Nokre ting blir også produserte med heilt ny mikroplast i seg, slik som måling. Mykje mikroplast frå måling hamnar i naturen til slutt.

På kva måte gjer mikroplasten skade?

Mikroplast er skadeleg på fleire måtar, her er to av dei:

- Plasten kan fylle opp og leggje seg som ein klump i dyrekroppar.
- Plasten inneheld ulike kjemikalier som verkar som gift.

Mange fuglar og andre dyr synest det er freistande å ete plast.

– Det skal veldig lite til i magen før det blir for mykje, seier Bjørn Einar Grøsvik på Havforskningsinstituttet. – Ein havhest, som er ein vanleg måkefugl, toler berre 0,1 gram! Veldig mange havhestar har fått i seg meir enn det.

[Les meir om kvifor sjøfuglar et plast](#)

Kva kan du gjere?

1. Bruk mindre plast.
2. Spar på den plasten du har brukt og kaste han der nokon vil resirkulere han.
3. Sei frå til dei som produserer varer som iskrem og godteri at dei skal bruke papir i staden for plast som innpakning.

– Det går an å skrive eit brev til dei og høyre om dei kan bytte ut plasten med annan emballasje, seier Marte.

MILJØ OG KLIMA FORURENSNING

Meldinger ved utskriftstidspunkt 25 april 2025, 21:10 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.